

Møtereferrat

Møte: Tlf møte AU Nord
Tid/Sted: Torsdag 17.01.19 kl 09.30 – kl 11.30.
Tilstede: Svein Slåtsveen, Endre Østbø, Ragnhild Engan, Bjørn Arne Skoglund, Fred Tore Fagereng, Håvard Knygh, Merethe Sund og Arne Flatmo
Forfall: Birgitte Rørvik Bruun, Bente Børsheim og Svein Inge Jakobsen
Kopi til: Vara AU, leiargruppa region Nord og Tor Olav Brandtzæg
Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 17.01.2019

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	Orientering frå styremøtet 16.01 <p>Merethe orienterte om at Trine har vore i møte med Departementet vedk status arbeidet med dyrevelferd gris. Innovasjonspris til Nortura for PåEgg. Byrå jobbar med utlysing av stilling for konsernsjef. God dialog med bankane. Leiar for Curtis Wool henta inn som ny leiar for NOVA. Lågare sal av julevarer enn i 2017, men til høgare margin. Norgesgruppen dreiar meir mot Norfersk. Coop har sagt opp avtalen på egg. Utgjer 11 000 tonn egg (25 % av eggvolumet i Nortura), gradvis innfasing av Den Stolte Hane i løpet av 2019.</p> <p>Godt arbeid med redusert svinn, skal halde fram. Varesortiment vert redusert, analyserast i forhold til lønsemd. Kalkun: Förtilsetjinga monancin førbygg mot ein parasitt. Strategi på gradvis utfasing. Jobbar med godkjenning av vaksine.</p> <p>Jordbruksoppgjeret: Gruppe jobbar med Nortura sitt innspel. EAT-rapporten: Vert jobba godt med samordna kommunikasjon frå landbruket. Industriutvikling: Styret fått muligheitsstudie for langsiktig plan.</p> <p>Totalmarked: Ny prognose lagt fram i går. Storfe: 2 700 tonn på reg lager. Lengdemåling som klassifisering. Ikkje rom for nyetableringar, utanom det som er gitt støtte til frå Innovasjon. Sau/lam: Underdekning i 2019, men stort lager. Noridane oppfordra til å fortsette med eksport av halalslakta sau. Gris: 2 200 tonn på lager. 2 600 purker påmeldt utkjøpsordninga. I Rogaland berre 45 % av "kvota" oppfylt.</p> <p>NOVA: Jobbar med vegen vidare. SAP fungerer bra der det er implementert, med unntak av ekspedisjonen.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none">• Har Den stolte hane kapasitet til å auke leveransane sine til Coop?• Aktuelt at vi seier opp andre avtalar med Coop?• Kva er årsaka til mangel på kjøtdeig i butikk?• Coop jobbar mot landbruket si markedsrett. På kva område fungerer SAP? <p>Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.</p>	
2	Orientering frå Medlem region Nord <p>Arne orienterte om tilførslane i 2018 mot 2017. Gris: Stabilt i regionen. Storfe: Liten auke, størst til Målselv. Småfe: Tilbakegang, i Målselv på 3 000, stabilt i Karasjok, reduksjon til Bjerka, men Bjerka har slakta mindre for Malvik. Horn har hatt auke. Noko overgang til Horn. Bø småfeslakteri har slakta 2 000.</p>	

Storfe: Tynt bemanna, berre ei 50 % stilling sidan Arne Wiggo og Birger stort sett jobbar med livdyrformidling. Fått aksept for ny rådgjevarstilling i region Nord. Fagmøteserie med info om nytt klassifiseringssystem i veke 6.

Gris: Høyring vedk nytt konsesjonsregelverk ute no, frist midten av mars. Får betydelege konsekvensar. Arne sender ut info. Høyringsmøte 14.02 i Mo i Rana. I region Nord ikkje kjent om nokon har meldt seg på utkjøpsordninga.

Arne

Spørsmål/kommentarar:

- Målselv burde hatt større slakting enn normalt, dersom det er mange som har slutta.
- Er det lov å levere konkurrent, som Nortura-medlem?
- Fått tilbakemelding på stor skilnad mellom nytt og gammalt klassifiseringssystem?
- Info skriv om pris på returkjøp var planlagt før jul. Er det utsendt?

Arne

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

3 **Førebuing kretsmøter**

Lokale saker og spørsmål: Kva må vi førebu oss på?

Innspel/kommentarar:

- Finnmark: Varer i butikk, overproduksjon storfe, kva vert neste varegruppe Coop kuttar ut, foredling region Nord og forsyning regionen.
- Nytt klassifiseringssystem storfe
- Økonomi
- SAP/NOVA
- Fusjonen Gilde/Prior – subsidierer raudt kjøtt kvitt kjøtt og egg? Er det pris som avgjer at vi ikkje får til avtale med Coop? Har vi rette folka i kjedeforhandlingane?
- Opplysningar om økonomien mellom Gilde og Prior/resultatområda?
- Ragnhild sender mail med sine innspel

Ragnhild

Vedtak: Brit Kari jobbar vidare med førebuingane til kretsmøta.

Brit Kari

4 **Ny Giv i kretsarbeidet**

Kva kretsar skal vi jobbe med i 2019? Oversikt over kretsaktivitet 2018 var vedlagt. I 2018 har det vore jobba med:

- Tromsø/Karlsøy, Lyngen og Balsfjord/Storfjord
- Midt-Salten, Beiarn og Svartisen

Innspel/kommentarar:

- Vest-Finnmark, Kåfjord, Ytre Sør-Troms, Svartisen har hatt lite aktivitetar
- Svein vil ha møte i forkant av Finnmarkssamlinga med Vest-Finnmark krets.
- Det er ynskjeleg med møte med kretsleiarane før kretsmøta: Alta, Tromsø, Mosjøen og Bodø kan vere aktuelle møtestadar.
- Ny Giv: Midt-Troms + Astafjord og Kåfjord + Lyngen + Nord-Troms er mogelege kretsar

Vedtak: Svein, Endre og Brit Kari jobbar med møter for kretsleiarane. Aktuelt då å ta opp med kretsleiarane for kretsane Midt-Troms + Astafjord og Kåfjord + Lyngen + Nord-Troms for å høyre om dei er interessert i å vere Ny Giv-kretsar i 2019.

5 **Representasjon på årsmøter**

- 15. – 17. februar: Nordland Bonde- og småbrukerlag årsmøte, Bodø
- 20. – 21. februar: Finnmark Bondelag årsmøte - **Svein**
- 22. – 23. februar: Finnmark Bonde- og småbrukerlag årsmøte, Lakselv
- 12. – 13. mars: Troms Bondelag årsmøte – **Endre dag 1**
- 15. – 17. mars: Troms Bonde- og småbrukerlag årsmøte, Tromsø
- 20. – 21. mars: Nordland Bondelag årsmøte, Bodø – **Ragnhild + Merethe dag 1**

for Norges Bondelag

Vedtak: AU vedtok representasjon som fordelinga ovenfor syner. Avventar evt invitasjon frå småbrukarlaga.

6 Eksterne styremedlemar?

Innspel vart diskutert på forrige AU-møte. Rapport frå Organisasjonsutvalget, avgitt august 2011, var utsendt til AU. På side 12 står det omtalt:

"Organisasjonsutvalget har fått innspill om det er behov for å ta inn eksterne medlemmer i styret for å styrke kompetansen på enkelte områder. Organisasjonsutvalget mener at det blant Norturas medlemmer finnes nok kompetanse til å fylle styrevervene. Dersom det er behov for spesialkompetanse kan denne hyres inn ved behov. Styremedlemmene har også en viktig oppgave i forhold til medlemsorganisasjonene som eksterne styremedlemmer vil ha vanskelig med å fylle."

Innspel/kommentarar:

- Einig i vurderinga som vart gjort i 2011. Kor mykje kan profesjonelle styremedlemar tilføre Nortura?
- Viktig at vi har eigarar i styret, og heller hente inn kompetanse ved behov.
- Veldig skeptisk til eksterne folk i styret, greitt å hente inn kompetanse på enkeltsaker.
- Kompetansen har vi ansatte, og ellers finne folk hos eigarane.
- Så lenge vi er eit samvirke med involverte eigarar, må styret vere samansett av eigarane.
- Styret har ikkje fullmakt til å bestemme tilsetjingar i administrasjonen. Men bør gje signal om at vi må verte flinkare til å rekruttere eksternt og ikkje av dei som har vore tilsett i 30 år.
- Dette går på organisasjonskultur. Kunne hatt betre kompetanse på jus og prosjektleiing.

Vedtak: AU ynskjer ikkje ekstern kompetanse i styret, men vektleggast i dei administrative ledda og konsernleiinga.

7 Eventuelt